

Fra: Anders Fretheim
E-Post: f-fjord@online.no
Sendt: 30.11.2008 23:33:03
Mottatt: 30.11.2008 23:32:53
Til:
Emne: Uttale om nedlegging av regulering av Seltuftsvatnet,
Flåmsvassdraget, Aurland Kommune

Underteikna er grunneigar i Seltuftsvatnet, samt eigar og drivar av Kafe som er vist til i notat, me driv i tillegg med beitedyr (storfe).

Tilligs med gnr.36/1-2 er og Geisme 42/1 grunneigar (sameige). Eigar av Geisme er ikkje varsla.

Jernbaneverkets brev til grunneigar er datert 11.11.08, postlagt 19.11.08 med uttalefrist den 1.12.08 Dette er ikkje godt nok og ein ber om utsetjing av uttalefristen.

Nemner her kort det ein har å merka til dereguleringa av Seltuftsvatnet:

Dereguleringa som sådan er grei. Flåmsvassdraget er eit verna vassdrag og skal noko endrast må ein søkja halda det mest mogleg inntakt, dvs. at ei senking av vannstand med 0,2 m ikkje er akseptabelt. 0,2 m høyrst kanskje ikkje så mykje ut men det vil verka svært skjemmaende rundt heile vatnet.

Rallarvegen vert kvart år besøkt av rundt 30 000 turistar, dei sykklar langsmed Seltuftsvatnet. I den fremste enden av vatnet går vegen på ei fylling, senkar ein m 0,2 m vil det på innsida av fyllinga verta eit gjørmehol, skjemmaende. Bolledalen er grunn, ei senking vil øydeleggja bukta.

Det vert i rapporten gjordt eit nummer av at det for Kafeen er ein fordel med senking, me har aldi vorte tispurte om noko slikt, det er teke ut av lause lufta. Senking vil verta skjemmaende.

Kva som er grunnen til ønskje om senking har me ikkje fått opplyst.

Vatnet/elva dannar eit naturleg dele i beitet, ei senking vil svekka denne stengsla og gjera det vanskelegare med beitedyr.

For å kunna komma med ein meir utfyllande merknad ber me om utsett frist.

Med vennleg helsing
Sue og Anders Fretheim
www.fretheimhytter.com